

## **RETTLEIING OG KRAV FOR PRIVATE INNSEL OG FORSLAG TIL KOMMUNEPLAN FOR FINNØY KOMMUNE 2019 – 2029.**

### **Innleiing:**

Arbeidet med revidering av gjeldande kommuneplan er godt i gong. Frist for innspel frå innbyggjarane er sett til 1. mai 2018.

For å sikre ei lik handsaming av private forslag til arealdisponering er det utarbeida nokre krav til forslaga. Krava må oppfattast som minimumskrav. Krava gjeld for konkrete forslag til område for bustader, fritidsbustader, reiselivsbygg, næring, akvakultur og andre tiltak i sjø, småbåthamner, område for naust m.m.

### **Innspel av strategisk art, som ikkje omhandlar konkret bruk av areal, kan skrivast som eit ordinært brev til kommunen.**

Denne rettleiinga finn du på kommunen si heimeside og vert sendt til alle som sender inn forslag. Om du meiner at du har sendt inn forslag som allereie tilfredsstill krava treng du ikkje gjere noko på nytt.

### **Grunnlag:**

Arbeidet med kommuneplanen styres i hovudsak av det vedtekne planprogrammet (vedteke 06.09.17.). Planprogrammet peikar ut fokusområdet for arbeidet og definerer målsetjingar.

I planprogrammet er det fokus på å oppretthalde og styrke busetting og næring i kommunen, og det heiter bl.a. at:

*«... det er avgjerande at busettinga sikrast gjennom gode planar som legg til rette for livskvalitet, bulyst og attraktivitet. ....»*

Heile planprogrammet kan du finne på kommunen sin heimeide på internett (under kommuneplan) eller ved å vende deg til kommunen.

Planarbeidet er vidare styrd av nasjonale og regionale føringar, der bl.a. omsyn til allmennhetas ferdsel, strandsona og landskap har høgt fokus.

Alle desse føringane (med fleire) gjev grunnlag for vurdering av nye områder. Dette er også grunnlag for krava som omtalas under.

I arbeidet med kommuneplanen så langt, har ein sett at det truleg ikkje er behov for fleire område til bustader, fritidsbustader og småbåthamner. Alle innspel og forslag/ynskjer som kjem til kommunen vil imidlertid bli vurdert.

### **Krav til private forslag til arealdisponering:**

Alle forslag må omfatte ei omtale av det ønska tiltaket, ei kartskisse som viser plasseringa så nøyaktig som mogleg og utfylt sjekkliste for risiko og konsekvensar.

Omtala av det ønska tiltaket bør være så presis mo mogleg. Dersom du til dømes ønsker eit område til fritidsbustader bør du skrive noko om talet på bustader, størrelse, åtkomst osv.

Kart kan ein bl.a. finne her (her er også tilgang til gjeldande kommuneplan og reguleringsplanar):

<https://geoinnsyn3.nois.no/release/#?project=Finnoy&application=SMARTGI31&guid=db264761-212b&params=1100000&layers=1007&zoom=10&lat=6563050.00&lon=321241.00>

Sjekkliste for risiko og konsekvensar ligg vedlagt, og kan lastast ned i word format frå kommunen sin heimeside. Dersom du krysser av på «ja» på nokre av punkta i lista bør du kommentere dei særskild. Du kan velje om du vil skrive rett i skjemaet eller nytta eit eige ark (bruk nummereringa i skjemaet).